

## Sak 5

# Endring av lov og styringsføresegner for Bergen ungdomslag Ervingen

Framlegg til endring i lov og styringsføresegner, frå Dag Inge Bøe. Innsend 30.11.23

Eg sender inn følgjande framlegg til endring i føresegner (strykingar vist og ny tekst i feit skrift):

*Noverande formulering:*

§6 Songkoret "Kor e' tonen" skal vera eit tilbod for korinteresserte i Bergen. Koret har som mål å søka utvikling og å syna breidde musikalsk. Styret skal ha 3 medlemmer og 2 varamedlemmer, og konstituerer seg sjølv. Dirigenten skal ikkje vera med i styret, men bør møta på styremøta.

Framlegg til ny formulering:

§6 Songkoret "Kor e' tonen" skal vera eit tilbod for korinteresserte i Bergen. Koret har som mål å søka utvikling og å syna breidde musikalsk. **Koret skal ha profesjonell dirigent tilsett på marknadsmessig konkurransedyktige vilkår, i tråd med god skikk i bransjen og Creo sine tilrådingar. Årsmøtet skal velje eit korstyre med** Styret skal ha **minst** 3 medlemmer og 2 varamedlemmer. **Årsmøtet vel leiar for korstyret. Korstyret** konstituerer seg **elles** sjølv **og kan supplere styret**. Dirigenten skal ikkje vera med i styret, men ~~bør møta på styremøta~~ **kan til styremøte kallast inn av styret. Dirigent har møterett.**

Eg sender inn følgjande framlegg til endring i lova (strykingar vist og ny tekst i feit skrift):

### §2 MEDLEMSKAP OG LAGSPENGAR

Medlemer i laget kan dei verta som vil fremja føremålet med laget, har fylt 14 år og betalar lagspengane. Røysterett i laget får ein etter 3 månader som medlem.

Barn kan verta medlemer når dei betalar dei ~~fastsette~~**fastsette** lagspengane for barnemedlemer. Barnemedlemer har ikkje røysterett i laget.

For å delta i særлага sine faste aktivitetar må ein vere medlem i laget og betale **aktivitetspengar**.

Rådet kan nemna ut heidersmedlemer etter framlegg frå styret.

Styret kan stryka medlemer som ikkje betalar lagspengar, motarbeider føremålet til laget, skadar laget eller ikkje vil retta seg etter lov og føresegner for laget. Slikt vedtak kan ankast inn for rådet.

### §3 ÅRSMØTE

Årsmøtet er høgste styringsmakta i laget. Det skal haldast årsmøte i laget kvart år, til vanleg innan ±15. mars. Styret kallar inn til årsmøte og kunngjer saklista seinast 14 dagar før møtet. Saker til årsmøtet skal vera sendt til styret innan 1. desember. Årsmøtet skal vedta lagslov, godkjenna styringsføresegner, fastsetja ~~lagspengane~~ **lagspengar og aktivitetspengar**, ta stode til årsmelding, ~~ettersett~~ ettersjå rekneskap, budsjett, arbeidsplan og andre saker som styret legg fram.